



Bø kyrkjeblad

Utgåve 13 - September 2023



Foto: Signe Vreim Østveit

Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjeverje
**Angelika
Faber Karsrud**

410 28 633
angelika.karsrud@mtkyrkje.no



Kontorfullmektig:
**Dagne
Mo**

404 31 829
dagne.mo@mtkyrkje.no



Sokneprest:
**Axel J.
Bugge**

454 77 020
axel.bugge@mtkyrkje.no



Kapellan
**Per Inge
Bergem Håland**

917 89 097
peringe.haland@mtkyrkje.no



Organist:
**Rolf
Axelsen Lie**

951 83 114
rolf.lie@mtkyrkje.no



Korleiar:
**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
grete.sele@mtkyrkje.no



Trusopplærer
**Signe Vreim
Østtveit**

971 82 146
signe.osttveit@mtkyrkje.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Per Johan
Nordvik**

913 89 533



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Håkon
Holtar**

906 16 806



Kyrkjetenar:
**Håkon
Mæland**

957 51 519

«Menneske – hvor er du?»



Ropet – for det er et rop - stammer fra 1. Mosebok 3. kapittel: «Adam – hvor er du?»

Gud ropte på mennesket. Mennesket hadde brutt Skaperens vilje. Alle de gode gaver var ikke nok. Mennesket ville ha mer. Mennesket synes alltid å ville ha mer. GRÅDIGHET heter det.

Vår grådighet er i ferd med å legge jorda øde. Gud fortsetter å rope.

«Menneske - hvor er du?»
Gud søker oss. Vi fortsetter å gjemme oss, løpe unna, løpe unna ansvaret.

«Menneske- hva driver du med?»

«Ser du ikke hvor galt det blir når du gjemmer deg for meg?»

Gud vil kjærlighet, godhet, omsorg, måtehold. Gud vil et godt liv for alle, også kommende generasjoner!

**«Menneske – hvor er du?
Kom til meg!
Hør hva jeg vil si deg!»**

Ulf Vege, soknerådsleiar



Et kapittel er over og et nytt starter opp

Etter 23 år i Bø og i Bø kyrkje går nå reisen videre, og Maria og jeg starter opp i nye jobber i Sjømannskirken i Torrevieja 1. oktober.

Vi kom til Bø høsten 2000 fordi jeg skulle studere kulturarbeid på Høgskulen i Telemark. Vi hadde en plan på 3 år og startet opp her i Bø som nygifte og spente på hvordan det skulle bli.

Vi gikk på en gudstjeneste i Bø kyrkje en søndag den høsten og ble tatt godt imot av blant annet Grete og Asgeir Sele. Et veldig kjekt møte der jeg kom til å nevne at jeg var utdannet organist.

Det gikk ikke lenge før Grete spurte om jeg kunne spille på konsert med kyrkjekoret på bare noen timers varsel. Jeg heiv meg på og det må ha gått ganske greit, for nå rullet ballen raskt videre. Maria og jeg ble med som

frivillige i barnekorarbeidet og jeg som pianist i Kyrkjekoret. Og jeg fikk vikariere på orgelkrakken i Bø også.

Etter de tre planlagte årene her i Bø hadde vi fått vårt første barn, en rekke nye venner, barnehageplass og jobber begge to. Og Bø lå slett ikke så usentralt til som vi hadde tenkt på forhånd. Vi ble boende, og jeg fikk tilbud om organiststillinga i Bø og har jobbet her siden.

Det har vært flotte, morsomme, arbeidskrevende, og utviklende år med gode kolleger, med musikanter, sangere, både voksne og barn, og en menighet som var med på utviklinga. Og dette utviklet seg, ja.

Jeg ble med i korarbeidet rundt 2001, med to barnekor og kyrjekor og et samlet medlemstall på omkring 50. Grete og jeg fant raskt tonen musikalsk, som kollegaer og gode venner. Og nå etter 23 år har vi to i samspill, med god støtte fra sokneråd, fellesråd, kyrkjeverge og menigheten jobbet frem et stort kor- og kulturarbeid her i kyrkjene i Bø.

Vi holder kurs i Babysang og musikkleik (1 og 2 åringer), 3 kor for barn fra 3-14 år, orgelklubb med orgelundervisning av barn og ungdom, Bø kyrjekor med sangere fra 15 år og et godt stykke oppover. Vi har årlig litt over 200 medlemmer på kurs og som medlemmer i kora.

Sist på utviklingsstammen startet vi et kirkelig kultursenter sør – KIRKUS –. Bispedømme- og Kirkerådet har sett at vi har fått det til i Bø! Og dette er bare det som skjer utenom gudstjenester, begravelser, vielser, andakter og annet kultur og konsertarbeid.

Det har som sagt vært flotte år her i Bø med stor aktivitet og hardt arbeid, med mye moro og gode opplevelser. Selvsagt har det også vært utfordringer nok, slik endring- og utviklingsarbeid ofte innebærer. Det har vært givende, lærerikt, ansvarsfullt og krevende å stå i arbeidet som organist i Bø i 20 år. Heldigvis har vi vært to om det og «Grete og Rolf» har nok blitt et merkenavn på kyrkjelydens musikkarbeid blant barn og voksne.

Men, nå blir det endringer! Jeg avslutter organistjobben her i Bø 1. oktober og Maria og jeg starter opp et nytt kapittel i livet som ansatte i Sjømannskirken i Torrevieja. Maria skal jobbe full stilling som diakon og jeg som kirkemusiker. Dette gleder vi oss til!

Men det er ikke uten vemod vi reiser fra Bø for noen år.

I Bø har vi et stort og godt nettverk, mange medspillere og mange gode venner. Og noen veldig gode venner. Vi kommer til å savne mange i hverdagen vår. Heldigvis beholder vi huset i Bø og kommer «hjem» i sommerferiene fremover.

Så håper, ønsker og ber jeg om at dere finner en ny kirkemusiker som kan ta stafettpinnen videre, sammen med Grete, og holde i alt som skjer her og skape ny energi i det viktige arbeidet, og det på sin egen måte. Ta godt vare på Grete og medarbeiderne våre og ta godt imot nye medarbeidere som finner sin plass.

Jeg ønsker alt godt for Bø kyrkjelyd og dens medarbeidere, både ansatte og frivillige, og for at nye krefter finner sin plass og fortsetter utviklinga av Bø kyrkjelyd sitt arbeid.

Takk for meg og vi sees igjen.

Rolf Axelsen Lie – organist i Bø

Den nye kapellanen

Vi som har gått den gamle folkeskulen hugsar nok frå leseboka den tragisk-komiske novella til Hans E. Kinck om den nye kapellanen. Der folk var så nysgjerrige på framandkaren at dei våga liv og lemmer for å få eit glimt av han og det enda med ulukke. Så langt går vi nok ikkje i Bø, men å bli betre kjent med den nye kapellanen vil vi gjerne.

Eg finn Per Inge Bergem Håland på kyrkjekontoret på Bø-haugen ein formiddag, travelt opptatt med å få opp e-postprogrammet på PC-en til soknerådet. - Får håpe eg ikkje gjer så god jobb at dette blir arbeidet mitt framover, fleipar han. Altså ein praktisk, tenkjer eg, men kanskje går motivasjonen i ei anna retning enn å løyse dataproblem?

Inne på kontoret utdjupar han motivasjonen sin. – Eg har arbeidd som lærar i grunnskulen i 13 år og underviste mellom anna i kristendomskunnskap og musikk. Etter kvart kjende eg at rammene eg måtte undervise etter blei tronge. Det var vanskeleg å kunne formidle kva kristendom eigentleg er, sausa saman med andre religionar og livssyn og med nøytral tilnærming. Det er jo ikkje ein teori, men eit liv i fellesskap med Gud og menneske. Motivasjonen for å formidle dette blei etter kvart så sterk at då det blei ledig stilling som vikarprest i Gulset menighet i Skien, søkte eg og fekk jobben. Og no har eg altså tatt steget vidare og har fått plass på studiet *Prest under utdanning*.

No er ikkje presteyrket ukjent for Bergem Håland. Han fortel at der er fire prestar i nær familie, bestefar, far, søster og onkel. Og i tillegg ei mor som organist. Men kva er dette som heiter *Prest under utdanning*. Har han starta på eit langt teologistudium som 42-åring?

- Nei, dette er ein alternativ veg til å bli prest som Kyrkjemøtet vedtok i fjor. Med to års relevant utdanning der kristendom er ein sentral del, kan ein ta to år med vidareutdanning i teologi kombinert med praksis som prest i ein kyrkjelyd. Eg har bachelor i *Musikk, menighet og ledelse* frå NLA Høgskolen i Oslo og var så heldig å få min praksis i Midt-Telemark. Her har eg fått fast tilsetning som kapellan og skal fordele tida mi med 60 % jobb og 40 % som student.

Bergem Håland har alt hatt gudstenester i Bø og Nes kyrkjer og fleire ventar utover hausten. Men i fullt presteskrud får vi ikkje sjå han enno. – Eg kan bruke albaen, den kvite kjortelen, men stolaen som heng over skuldrane og nedover framme høyrer ordinasjonen til, forklarar han. - Går det som eg håper, er

eg ferdig ordinert prest over sommaren.

No er kanskje ikkje «uniforma» det som opptek den nye kapellanen mest. Han fortel villig og engasjert om konfirmentarbeidet sitt i Gulset menighet. Om ungdom som stiller opne og ærlege spørsmål om trua og om livet. Om viltre gutar som etter konfirmasjonen nesten står i kø for å bli med som hjelpeleiarar på neste års konfirmentleir. Og om digitale hjelpemiddel som med eit ungdommeleg språk formidlar sentrale sider ved kristendommen.

-Eg ser fram til å gå inn i konfirmentarbeidet her i Bø, held han fram. – Her har dei eit opplegg som heiter Ønsket og elsket, i samarbeid med Seljord og Holla. Det er eit spennande program som formidlar sentrale sanningar, samtidig som ein har fridom i metodar. Eg håper også å få brukt musikkutdanninga mi.

Her ser eg at den tidlegare læraren skin igjennom. Rammer, opplegg, metodar, digitale kunnskapar. Det nye konfirmentkullet har mykje å gle seg til. Men Bergem Håland er opptatt av meir enn ungdommen. Han legg vekt på å møte folk der dei er i livet, i kvardagen, med problem og vanskar, i glede og sorg. - Nokre prestar synest at gravferder kan vere vanskeleg. Eg føler at det er svært meningsfylt og ser det som ein sentral del av tenesta mi. Eg vil gjerne formidle at den eg trur på ikkje er langt borte, men ser oss der vi er i alle



Innsetting av vår nye kapellan Per Inge Bergem Håland i Bø kyrkje søndag 10. september med kyrkjekaffi og gåve frå prost Asgeir Sele.

situasjonar og vil møte oss der.

Tida mi med den nye kapellanen er ute. Eg sit att med forventning til kva han kan bidra med i tida framover. Ein miks av vanleg yrkesbakgrunn, hobby som målvakt i ishockey-serien, musikk, engasjement og ungdommeleg snert, og lærarens evne til formidling, er ei god blanding. Eg håper vi kan stelle godt med han og gi han gode arbeidsvilkår, i ein travel kvardag med pendling og ansvar som tenåringsfar og student.

Hjarteleg velkommen til oss, Per Inge Bergem Håland. Vi ønskjer deg lukke til i tenesta og i studiet!

Bjørn Seljebotn



Mesternes Mester

Laurdag 26. august gjekk Mesternes Mester for 6. og 7. klasse i kommunen vår av stabelen på Nes menighetshus. 21 spreke barn konkurrerte om tittelen, og det var ingenting å seie på innsatsen.

Foto: Signe Vreim Østtveit



Sommerfuglen som symbol

Av Ulf Vege

Vakrere skapninger finnes knapt. I tillegg er livsløpet til en sommerfugl virkelig til å forundres over.

Den begynner sitt inni et ørlite egg. Ut kryper det en liten larve. Hos svalstjert ser de første stadiene ut som en fugleskitt. Etter flere hamskifter blir larven ganske så vakker. Når den har spist seg stor og sterk, danner den et skall omkring seg og bli til puppe. En dag sprekker puppeskallet og ut kommer noe ganske annet enn det som gjemte seg der. Det er en total forvandling som kalles metamorfose. Dette har allerede i den tidligste kirke fått symbolsk betydning.

*Larven er vårt jordiske liv
– puppen er kisten med vårt
døde legeme – sommerfuglen er
vårt gjenfødte liv.*

Dette er det kristne håp.

Paulus sier det slik: «...og vi skal bli forvandlet. For det forgjengelige må bli kledd i uforgjengelighet, og det dødelige må bli kledd i udødelighet» 1. Korinterbrev 15, 52-53. Hele dette kapittel 15 er veldig viktig lesing.



Korsommarskule

Første veka i august var det Korsommarskule i Kristiansand, og tradisjonen tru var det god representasjon frå Korskulen i Bø! Seks deltakarar, fire ungdomsleiarar, ein leirsjef(!), to instruktørar og ein kokk(!!).

I tillegg til song frå morgon til kveld, blei det også tid til bading i sjøen, tur til Kardemommeby og lykkeleik og moro. Det heile munna ut i ein fantastisk imponerande konsert i Lund kirke fredag kveld.



Kokken er Asgeir Sele

Andakt

«Kom, så skal de få sjå ein mann som har sagt meg alt det eg har gjort!
Kan han vera Messias?» Joh4, 29.

Orda tilhøyrer ei kvinne som akkurat har vorte sett i korta av Jesus. «Kom, så skal de få sjå ein mann som har sagt meg alt det eg har gjort!» Det høyrst ut som noko frå eit mareritt. Å få alle feilgrep og dårlege val bretta ut framfor seg, også av ein eg aldri har møtt!

Det er midt på dagen, det er glovarmt, Jesus set seg ved ein brønn, for han er sliten og tørst. Så kjem det ei samaritansk kvinne til brønnen. Jødar og samaritanane gjekk ikkje over eins, for å seia det diplomatisk. Så når Jesus innleier ein samtale med henne utan andre til stades, er det uhøyrst både fordi ho er samaritan, men også fordi ho er kvinne. Og gjennom samtalen mellom henne og Jesus lærer me ein del ting om henne og kvifor ho går åleine for å henta vatn. Me lærer at ho er ugift, at ho har fleire forhold bak seg og at ho no er i eit forhold med ein gift mann. Me lærer at ho er sosialt intelligent, og at ho har ei skarp tunge. Ho har piggane vendt både innover og utover. Innover på grunn av skamma ho ber og utover på grunn av stoltheita som gjer at ho held avstand til andre.

Jesus svarer på spørsmåla ho stiller, og sakte, men sikkert forandrar ho

haldning til Jesus. Ikkje berre på grunn av det han seier, men også måten han gjer det på. Jesus tek henne på alvor heile vegen. Han lyttar til det ho seier, og ser at her er ei kvinne som ikkje har det godt med seg sjølv. Når kvinna skjønner at her er det ein ho kan snakka om tru med fortel, ho at ho trur på og ventar på Messias, han som skal frelsa verda. Messias er det hebraiske ordet for det greske ordet Kristus. I denne samtalen gjer Jesus noko han vanlegvis aldri gjer. Etter at ho har fortalt at ho kjenner til Messias, seier Han «Det er eg, eg som snakkar med deg».

Eg ser for meg at Jesus smiler når han seier det, at kvinna blir ståande å ta dette inn over seg. Kvinna set frå seg vasskrukka og går inn i byen og kjem tilbake. Denne gongen kjem ho ikkje åleine, resten av byen blir med for å treffa Jesus. Resten av byen, dei som fram til no har oversett henne under parolen: «sånt snakkar me ikkje om, og deg snakkar me ikkje med.» No vart tausheita broten, og dei høyrde etter når ho fortalde historia si til dei. Og dei forstod at ho hadde møtt ein som kunne løfta bort tausheita og skamma som låg over dei og over heile landsbyen: alt som ikkje skulle

snakkast om. For henne vart avsløringa forløysande. Ho fekk oppleve å bli sett og møtt med alt ho var og blir teken imot med opne armar.

Kvifor gadd Jesus å bry seg? Kvifor tok han seg tid til å snakka med henne? Og kvifor synest ho det var så fantastisk å bli gjennomskoda og bli fortalt alt ho skamma seg over?

Kvifor gidd Jesus å bry seg?

Me er skapte i Guds bilete, me er vilja, ønskt og elska av Gud. Kvart enkelt menneske har uendeleg verdi i Guds auge. Våre auge er dessverre ikkje like

gode; me sorterer, me snur oss bort og overser. Me har våre eigne filter når me ser på alt og alle. Men tenk å kunna sjå verda gjennom Guds auge, sjå på kvarandre gjennom Guds auge, sjå oss sjølv gjennom Guds auge. Då trur eg me verkeleg hadde sett kvifor Gud elsker oss. Me hadde sett alt me har gjort, men me hadde også sett tvers gjennom det og sett kva me er og kven me er. Det var dette kvinna ved brønnen opplevde. Ho fekk stå ansikt til ansikt med Han som har definert hennar verdi, og ho forstod kva Han meinte.

Kapellan Per Inge Bergem Håland

Nytt sokneråd

Valgår 2023 – Bø sokn

Faste medlemmer:

Ruth Hogstad-Erikstein
Kristian Gotehus-Køhn
Ingunn Skallstad
Ulf Bruno Vege
Gry Hege Bergan Vreim
Kjerstin Midtbø
Nils Ivar Agøy
Olav Haugestøl

Varamedlemmer:

Anne-Lene Bjørum Refsum
Anna Katrina Persdotter Miland
Thomsen
Bente Klokkehaug
Audun Østtveit



Konfirmasjonstida

I løpet av konfirmasjonsåret har me gjort mykje forskjellig. Dette er det me har gjort og lært:

Me starta konfirmasjonsåret med kickoff i Seljord, der me gjorde mange forskjellige aktivitetar som blant anna skumparty.

Ein laurdag i januar var me på Jønnebu, der me lærte om Bibelen og kosa oss saman.

Litt seinare på året var me på fotball- og kanonballturnering i Seljord. Der vann me fotballen og måtte seie oss fornøgd med ein andreplass i kanonball. I løpet av kvelden fekk me mykje informasjon om Kirkens Nødhjelp. Kirkens Nødhjelp gjekk denne gongen til reint vatn i andre land.

28. mars samla me inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Med god innsats



samla me inn 45.000. Dette er me veldig stolte av.

I løpet av konfirmasjonstida har me vore på ei hjelpegudsteneste og tre vanlege gudstenester. I tillegg hadde me ei presentasjonsgudsteneste der me blei presentert og fekk kvar vår bibel, som me skulle ha.

Me har hatt mange timar med læring, og nokre tema me har gått gjennom er dåp, nattverd, døden, håpet, pinse, påske, Den heilage ande og ikkje minst vennskap.

Noko av det beste ved konfirmasjonstida har vore konfirmasjonsleiren. Der har me møtt mange nye og lært masse. Me var på små grupper og hadde mange konkurransar som kubb, fotball, volleyball og lek.

Ingebjørg Kristine Skilbred Helås og Malin Ralle Haugerud



Gøy med leiker og konkurranse på leir

Årets konfirmanter



Foto: Golden Productions

Fra venstre foran: Live Hagen Flåtın, Ida Kile Sundseth, Susann Skindalen Pedersen, Astrid Seljebotn Setvik, Celine Stolan Kveum, Linnea Bø Solberg, Line Charlotte Bø Hansen, Ingebjørg Kristine Skilbred Helås, Sofie Salomonsen-Bøe

Fra venstre andre rekke: Sigrid Midtbø, Kaia Frantzen Jacobsen, Julie Forberg Johansen, Erle Jakobsen Iversen, Sokneprest Axel J. Bugge, Siri Bø Askildt, Guro Karlbom Dahle, Ingrid Marie Stærk, Malin Ralle Haugerud

Fra venstre tredje rekke: Kevin Lama Lio, David Nissi Osazee, Sebastian Stordahl Voss, Eivind Vik-Hansen, Eric Johannes Fostervoll, Tim Fjellstad Kallestad, Eirik Nymoen, Mathias Tempelmayr Rønningen, Gunnar Brekke Roheim, Jonas Thommessen-Velten, Tinius Håkonsen Hynne, Sander Hvitås Saga, Stian Haugan, Tor Halkinrud Hynne

Fra venstre bak: Emil Godskesen, Staurheim, Tobias Harstad Rinde, Even Flatmo, Markus Kåsa Lunder, Gaute Bratland Solberg, Isak Haugland, Jørgen August Sønstebo, Tor Øyvind Hansen Lønnestad, Ismail N. Hellestad, Vincent August Mindalen, Aleksander Stokker-Li, Thomas Alan Vreim Robertson, Kristoffer Nilsen, Lukas Simonsen Aarnes, Yasiin N. Hellestad. William Blichfeldt Dyrlund var ikkje til stades da bilete blei tatt.

Nye konfirmantar 2024

Hei – 09!

Neste år er det din tur!! Informasjonsmøte om konfirmasjon 2024 er i Bø kyrkje torsdag 5. oktober kl. 18.00 for konfirmantar og foreldre/føresette.



Årets konfirmantar på vei ut i livet. Foto : Dag Hallvard Østtveit



Angelika Faber Karsrud er tilsett som kyrkjevevjerje i Midt-Telemark.

Ny kyrkjevevjerje i Midt-Telemark

Livets mange tilfeldige hendingar

Angelika Faber Karsrud (55) starta som kyrkjevevjerje i Midt-Telemark 1. august 2023. Ho har teke over etter Alf Rose Sørugaarden. No skal musikaren og akupunktøren ha tilsyn med kyrkjene, kyrkjegardane, økonomien og dei kyrkjeleg tilsette.

Tekst og foto: Ivar Solbu

Angelika voks opp i Sør-Tyskland. Begge foreldra hennar var kyrkjemusikarar og lærarar i kulturskule. – Eg starta å spele fiolin då eg var fire og eit halvt år. Etter kvart skjøna eg at eg ikkje lika fiolin, så eg slutta då eg var ni. Men i 11-årsalderen fekk eg prøve bratsj. Då var eg fortapt! Så etter grunnskule og gymnas reiste eg til Berlin for å studere musikk.

Familien hørde til ei protestantisk kyrke, men dei spela like mykje i katolske samanhengar. Angelika hadde ei anna sterk interesse ved sida av musikken: hestar. – Eg var nok ein ganske sjølvstyrt og sjølvstendig person som barn, og eg fekk ganske frie tøyler. Eg syntest det var flott å kunne gå eller sykle til aktivitetane, utan å bli følgd av vaksne. Det gav stor fridom, seier ho til Helsing. – Eg var glad i å leike ute. Rulleskøyter var også ein aktivitet eg lika godt.

- Heilt frå eg var svært liten lika eg å vere med mamma når ho skulle øve. Ho spela orgel, og eg blei glad i og

kjende meg trygg i det store rommet. Som musikkstudent fekk eg også smaken på å spele i orkester. Det var gjennom kulturskulen eg fekk kontakt med Noreg. Kulturskulen vår hadde ein vennsapsavtale med kulturskulen i Molde. Gjennom fleire år reiste vi ein stor gjeng på utveksling til Noreg. Det var på byrjinga av 80-talet. Vi vart kjende med folk, og det blei skapt langvarige relasjonar. Nokon fortalde meg om Ungdoms- symfonikarane, eit orkester for ungdom som øvde og spela på Elverum kvar sommar. Eg søkte om å få vere med, og det fekk eg. Fire somrar var eg på Elverum. Der treffe eg òg Trond Arne, vi blei kjærastar, og etter kvart også ektepar.

I 1990 søkte Angelika jobb som bratsjist i Oslo Filharmoniske orkester, og igjen fekk ho ja på søknaden sin. – Det var som å hoppe på eit tog som alt var i stor fart. Dette var nok orkesteret sin glansperiode, med Mariss Jansons frå Estland som dirigent. Alt skulle vere perfekt. På ei av dei siste øvingane før ein turné til Tyskland fekk vi alle beskjed om å kjøpe oss lakksko! Eg fekk spele under den berømte dirigenten i ti år.

På overflata var alt velstand og glede. Men under overflata var det ikkje det. – Eg følte at eg heile tida måtte bevise at eg var god nok, noko eg sjølv følte og opplevde at eg ikkje var. Eg heldt fram med musikkstudiane i Tyskland ved sida av orkesterjobben. Eg opplevde at eg gjorde alt riktig, samtidig som eg følte at eg miste meg sjølv. Den indre klangen min blei borte, eg levde som i eit zombie-tilvære. Det var ei stor sorg.

- Vi budde då på Nesodden utanfor Oslo. Der kom eg i kontakt med ein psyko-motorisk fysioterapeut. Ho lærte meg at eg måtte lytte til kroppen, lytte til den indre stemma mi og stole på ho. Eg måtte finne min veg ut av det eg sleit med. Interesse mi gjekk i retning av det alternative, i retning av kinesisk filosofi. Eg leita etter større perspektiv og djupare sanning. Eg sleit også ein god del fysisk, eg veit mykje om det å leve med sterke smerter. Det at vi var ufrivillig barnlause var også ei stor sorg.

Ved sida av orkesterjobben i Oslo studerte Angelika akupunktur, og ho blei kvalifisert akupunktør. I prosessen med å finne ein veg vidare, køyrde ho og Trond Arne rundt på Austlandet for å finne ein ny stad der dei kunne feste røter. Ein haustdag i 2006 køyrde dei ut til Nes kyrkje. – Her er staden, her vil vi bu. Og då vi då fann eit fantastisk hus i Gamlegata på Gvarv, kjende vi at alt la seg til rette. Huset var stort nok til at eg kunne ha eigen akupunkturklinik der.

Ved sida av å vere akupunktør i eigen klinik og på Maxima i Bø, har Angelika

også vore fiolinlærer i kulturskulen både i Skien og på Gvarv. Ho har også vore utøvande musikal med eigen trio og gjennom orkesteret Innlandet, der ho også er styreleiar.

No er klinikk-skiltet teke ned. - Det er ytre omstende til det, seier Angelika, - vi som driv med akupunktur har fått moms på arbeidet vårt, og då er det vanskeleg å vere konkurransedyktige.

- Eg har aldri tenkt at det å vere kyrkjeverje er eit alternativ for meg. Igjen er dette ein av dei mange uventa vendingane livet tar. Eg har studert kulturleining på Oslo Met og ser at eg kan bruke noko av dette i denne jobben. Som tidlegare nemnt liker eg meg i det store rommet og det å spele i kyrkjer. I vår måtte eg hoppe inn og spele fiolin på ein konsert i Bø kyrkje. Då blei eg kjend med Grete Hasselgård Sele. Så då stillinga som kyrkjeverje blei kunngjort for andre gong, og etter eit mildt press frå Bruno Hageman, bestemte eg meg for å søkje.

- Ein av motivasjonane for meg til å søkje var ønsket om éin arbeidsgivar og kort veg til jobben. No kan eg gå til kontoret på Gvarv og sykle til kontoret i Bø. Eg starta 1. august og har hatt to veker overlapping med Alf Rose Sørgaarden.

- Eg bør kanskje nemne nok anna tilfeldig. Ein gong eg skulle fornye passet mitt på den tyske ambassaden i Oslo, stod det ein plakat der om å melde seg inn i ei tysk kyrkje i Noreg. Då tenkte eg at eg ville tilhøyre eit felleskap der eg

bur, så eg melde meg inn i Den norske kyrkje. Eg opplever at eg har bruk for det felleskapet som kyrkjelyden er og ønskjer å yte mitt inn i det.

Angelika skal no styre dei tilsette (unnateke prestane), ha ansvar for budsjett og rekneskap, vedlikehald med kyrkjer og kyrkjegardar og mykje anna. – Eg er oppteken av korleis vi som kyrkje marknadsfører oss, kanskje vi skal vere meir bevisste på korleis vi byggjer «merkevara» kyrkje. Eg ønskjer at vi skal treffe noko hos alle, noko som handlar

om inkludering, respekt og omfamning. Det er lett å ta kyrkje og kyrkjelyd som noko sjølvst, noko som berre er der. Men vi treng både folk og pengar. Eg er imponert over alle aktivitetane som er i gang i kyrkjelydane i Midt-Telemark, her er masse godt frivillig arbeid. Men skal vi framleis kunne eksistere og tilby gode aktivitetar, treng vi engasjement og ressursar, seier nyttilsett kyrkjeverje Angelika Faber Karsrud.

Og då familien hadde slått seg til ro på Gvarv, kom barnet, i 2008.

Min salme valt av Bente Klokkehaug :

”Herre, til deg får jeg komme

Mor mi song ”alltid”, og ho hadde god stemme. Eg vart tidleg glad i song og melodiar, det vekker gode trygge minne. Seinare vart eg meir oppteken av teksten, innhaldet i songar og salmar.

Det er ein av dei ”nyare” salmane eg har blitt glad i: ”Herre til deg får jeg komme” Det kjennest så godt å kunne gi sine tankar og kjensler til han som veit korleis eg er, trass mine feil og manglar, er han likevel glad i meg. Når eg møter vanskar, sjukdom og utfordringar i livet, hjelper han meg igjennom det. Og til sist tek imot meg. Ja teksten taler for seg:

”Herre, til deg får jeg komme, stille meg åpen for deg. Jeg kan ikke skjule det minste, du kjenner hver tanke i meg. Men enda du vet om min skrøpelighet, får jeg likevel komme som jeg er.

All din tale er sann, og den gjør at jeg kan være trygg på at du har meg kjær

Herre til deg kan jeg bringe alt det som tynger min sjel. Ja, du vi ta byrdene fra meg, du kommer og bærer dem selv. Min skyld tok du med på ditt kors da du led for at jeg skulle leve og ha fred. Å, jeg ber at du må gi meg kraft til å gå der hvor du, Herre, gir meg beskjed.

Herre, til deg får jeg komme når mine dager er slutt. Tenk, da skal jeg bo i din himmel med alle som tror på deg Gud. Så trygt å få tro at bønnenes bro viser veien som leder dit du er. Men mest er jeg glad at de løfter du gav, gjør meg trygg på at du har meg kjær.”

Christer Hultgren

Slekters gang frå juni 2023

Døyp



18.06.2023:
Erle Eilevstjønn



18.06.2023:
Antonio Bakaas Smaili



18.06.2023:
William Dale Knutslid



13/8-2023
Anne Linnea Eide Huso



13/8-2023:
Hølje Engeset Lahus



13/8-2023
Sofie Lien Feblinger



13/8-2023
Kristoffer Nilsen



10/9-2023
Lotta Sanden



17.09.2023:
Vilde Høyvik Ulltang

25.06.2023: Johanne Vik Henriksveen / 24.09.2023: Ella Li Seljestad

Vigde



15/7-2023: Guro Råmunddal og Eirik Slåttedalen.



5/8-2023: Merethe Bjerke Lie og Arve Moen Listaul

29.07.2023: Helene og Audun Misund-Nævdal

12.08.2023: Lise Marie Kaasine og Trym Fehn Vaa

Gravlagde/Bisetting



01.06.2023:
Tor Sigurd Nilsen

02.06.2023:
Gunnar Amundsen

22.06.2023:
Torbjørg Simonsbekk
Øyseth

22.06.2023:
Hallvard Haugland

04.07.2023: Ingrid Holtar

05.07.2023:
Birgit Irene Lien

14.07.2023: Tordis Botnen

20.07.2023: Arne Moen

20.07.2023: Sverre Olaf
Rønningen

08.08.2023:
Torstein Sønstebo

11.08.2023:
Tove Halstengård

23.08.2023:
Alfhild Hellestad

04.09.2023:
Per Engene

14.09.2023:
Gjermund Roheim

22.09.2023: Arne Bergan

«Lær oss å telja
våre dagar
så vi kan få
visdom i hjartet!»

Salme 90.12



FORMIDDAGSTREFF NES MENIGHETSHUS

*Velkommen til Formiddagstreff på Nes menighetshus.
Vi serverer god mat, det er andakt, god tid til å prate sammen,
og vi har dagens tema. På samlingene er det kollekt.*

Tirsdag 26. september 2023 kl. 11.00:

Prest **Tiina Klement** fra menigheten i Mustämaa i Tallinn forteller om arbeidet med å bygge kirke. Åresalg til kirkeprosjektet.

Tirsdag 10. oktober 2023 kl. 11.00:

Skuespiller **Elisabeth Dahl** får frie tøyler!

Tirsdag 24. oktober 2023 kl. 11.00:

Kari Grønningsæter forteller om sin bestemor Ninna Saanum, som i 1913-1914 var med på en verdensomseiling: Dette umaadelige hav. Hun skrev dagbok, og hadde fotoapparat!

Tirsdag 14. november 2023 kl. 11.00:

Frelsesoffiser, tidligere rektor på Sagavoll, **Jostein Nielsen**, forteller om sitt arbeid: Guds rare finger. Kollekt til Frelsesarmeens arbeid i Bulgaria.

Tirsdag 28. november 2023 kl. 11.00:

Prost, og tidligere prestevikar i Sauherad, **Rune Stormark** forteller om sin vei tilbake til troen: Reven i glassmonteren.

Tirsdag 12. desember 2023 kl. 11.00:

Prest, foredragsholder og tidligere Sagavoll-elev **Per Anders Nordengen** holder førjuls-kåseri, med humor og alvor: Livsglede og juleglede.

Design • Websider • Visuell identitet • Print
Sosiale medier • Tekst & innhold • Film & foto

superlativ

Kreative telemarkinger

superlativ.no

VI UTFØRER ALT INNEN

NYBYGG, PÅBYGG OG

RESTAURERING

**MIDT-TELEMARK
BYGG AS**

mtbygg.no

Folkestadvegen 166, 3802 Bø

SYSTEMBLOKK

Tlf. 35 06 00 00

www.systemblokk.no



Åpningstider: 10-18 (16)
Tlf: 35 06 03 50



HAUGESTØL VVS AIS
3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Tlf. 35 06 06 50
Vakttlf. 480 01 222
E-post: post@haugestolvvs.no





**VELKOMMEN
TIL OSS!**


Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14



Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no

f Bertelsen Nyhuus Optikk
i bertelsennyhuusoptikk



**MURMESTER
ESPEDALEN**
MEIR ENN MUR

Tlf. 35 06 03 30
www.murmesterespedalen.no



FARGERIKE

Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no



BØ AUTO

Verksted
EU-kontroll
Bilutstyr

BILUTLEIE

 35 95 02 75

KIWI's PRISLØFTE

VI GIR OSS ALDRI PÅ PRIS!

KIWI mini pris

KIWI Bø **7-23**

ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR

MARTHE VALE WANG - LOGOPED MNLL M/MØNSTERAVTALE HELFO

JEG TILBYR OPPFØLGING HJEMME HOS KLIENT, PÅ INSTITUSJON, PÅ ARBEIDSPASS, PÅ SKOLE OG I BARNEHAGE, I MIDT-TELEMARK OG OMEGN.

ARBEIDSSOMRÅDER: PARKINSON, AFASI, STEMMEVANSKER, SPRÅK- OG UTTALEVANSKER, TALEFLYTVANSKER, OG UTREDNING AV DYSLEKSI AV BARN OG VOKSNE.

TA KONTAKT VED SPØRSMÅL ELLER ØNSKE OM TIMEBESTILLING.

KONTAKTINFORMASJON:
MARTHE VALE WANG
+47 986 18 919
LOGOPEDWANG@GMAIL.COM



VALO PUMPER AS

OLAV HAUGESTØL

40 års erfaring innen
vann- og avløppspumper



VALO Pumper AS • Vreimsida 126 • 3803 Bø i Telemark
Tlf. 911 01 000 • olav@valopumper.no

Velkommen til gudsteneste!



DATO	TID	STAD	TITTEL	TEKST
24.09	11:00	Bø kyrkje	Haustattakefest-avskjed for organist Rolf	Joh 11,17-29 og 30-46
01.10	17:00	Bø bedehus	Familiegudsteneste- Søndagsskule	Matt 8,14-17
08.10	11:00	Bø kyrkje		Matt 5,20-26
08.10	17:00	Tomaskapellet	Tru og Lys -gudsteneste	Matt 5,20-26
15.10	17:00	Bø bedehus	Fellesmøte	Joh 11,1-5
22.10	11:00	Bø kyrkje	Søndagsskule	Matt 22,15-22
29.10	11:00	Bø kyrkje		Luk 13,22-30
04.11	16:00	Bø kyrkje	Minnegudsteneste	Luk 13,22-30
05.11	11:00	Bø kyrkje		Matt 5,1-12
12.11	17:00	Bø bedehus	Søndagsskule	Joh 6,63-69
19.11	11:00	Bø kyrkje		Mark 2,1-12
26.11	11:00	Bø kyrkje	Søndagsskule	Matt 25,31-46
26.11	17:00	Tomaskapellet	Tru og Lys -gudsteneste	Matt 25,31-46
03.12	11:00	Bø kyrkje		Luk 4,16-22a
10.12	11:00	Bø kyrkje	Konfirmantpresentasjon - Søndagsskule	Luk 21,27-36



Bø kyrjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø i Telemark
Telefon: 35 06 10 40 • Epost: post@bokyrkje.no
Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje, Kyrkjevegen 63, 3800 Bø i Telemark
FYLG OSS PÅ bokyrkje.no //  Bø kyrkjelyd

Redaksjonen: Olav Haugestøl, Ulf Vege, Axel J. Bugge, Bjørn Seljebotn
Trykk og design: Superlativ Media AS / Opplag: 3300 eks.